

VEDTEKTER – TILSKOT TIL YMSE JORD- OG SKOGBRUKSFØREMÅL

Vedtatt av Hemsedal kommunestyre den 28.6.2007

GENERELLE RETNINGSLINER:

1. Søknadsfrist er 1. oktober.
2. Dei enkelte tiltakspunkta er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge.
3. Overskridingar av samla tilskotsramme skal ikkje førekomme.
4. I særlege høve kan krav sett i forskrifta avvikast dersom dette vert godkjend av Hovudutval for Plan og Ressurs.
5. Administreringa av ordninga vert delegert administrasjonen. Hovudutval for Plan og Ressurs vert orienterte om vedtak etter forskrifta i form av meldingssaker.
6. Vedtak etter forskrifta er enkeltvedtak, og kan påklagast i tråd med forvaltningslovens kapittel VI.

DET KAN GJEVAST TILSKOT TIL FØLGJANDE TILTAK:

I. Tilskot til fulldyrking

Tilskot til dyrking kan løyvast inntil bruket har 300 daa eigen fulldyrka mark. Samla tilskot til fulldyrking over ein treårs-periode (dei to føregåande år + søknadsåret) for eit bruk skal ikkje overstige 50 000 kr. Dyrkingsplanen må vere planlagt og godkjend av landbrukskontoret, og seinare synfarast før sluttutbetaling gjerast. Dyrkingsplanen må ha ei kostnadsramme på meir enn 5000 kr/daa, og omfatte meir enn 3 daa, før tilskot kan gjevast. Tilskot vert gjeve med 2000 kr/daa.

II. Tilskot til grøfting av tidlegare dyrka jord og beite

Grøftingsplanen må vere på minst 3 daa for å kunne få tilskot. Høgaste godkjende kostnadsoverslag er for fulldyrka mark 4000 kr/daa. For beitemark 2000 kr/daa. Tilskot kan gjevast med maksimalt 40% av godkjend kostnadsoverslag. Samla tilskot til grøfting over ein treårsperiode for eit bruk (dei to føregåande åra + søknadsåret) skal ikkje overstige 50 000 kr. Grøftingsplan skal utarbeidast og godkjennast av landbrukskontoret. Ein gjev ikkje tilskot til planar med røyr diameter over 8 tommar.

III. Tilskot til fjerning av gamle beitegjerde

Tilskotet kan utgjera maksimalt 50 % av kostnadsoverslag.

IV. Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

Tilskotet inngår som ein del av den eksterne finansiering som krevst i dei statlege tilskotsordningane "Spesielle miljøtiltak i jordbruket". Tilskotet kan utgjere opptil 30 % av godkjend kostnadsoverslag. Høgaste tilskot for kvart prosjekt er 20 000 kr. Tilskot kan gjevast både til fellestiltak og enkelttiltak. I særlege høve kan det opnast for å gje tilskot til tiltak som ikkje har motteke statleg støtte. Tiltak på stølar med aktiv støling skal prioriterast.

Fire ulike føremål er aktuelle:

- a. Utvikle/bevare biologisk mangfald.
- b. Beiterydding
- c. Bevare og bruke kulturminner
- d. Ferdselstiltak
- e. Freda og verneverdige bygningar

V. Stipend til ungdom frå Hemsedal som ønskjer å utdanne seg innafør landbruket

Det kan gjevast stipend til ungdom frå Hemsedal som ønskjer å utdanne seg innafør landbruket (vidaregåande skule), og som er elevvar på kurs VK2, påbyggingsår etter allmennfaglig studieretning eller tilsvarande.

Kvar einskild søkjar kan motta stipend ein gong, maksimalt. 10 000 kr/søkjar. Det er eit krav at utdanninga primært er retta mot tradisjonell landbruksdrift. Utdanning særleg retta mot utmarksfag og attåttnæringar kjem innanfor ordninga.

VI. Tilskot til skogplanting

Kommunens tilskot er 1 kr pr utsett plante. Samla tilskot til eit enkelt bruk skal ikkje overstige meir enn 20 000 kr/år.

VII. Riving av gamle driftsbygningar

For å kunne søkje er det eit krav at bygget er falleferdig og ikkje vedlikehalden. Det må også vera søkt kommunen om rivingsløyve. Kostnadsoverslag skal ligge ved. Tilskot kan gis med inntil 25% av godkjent kostnadsoverslag. Høgaste tilskot for kvart prosjekt er 20 000 kr.

VIII. Vasskvalitet på gardsbruk

Bruk som ikkje har godkjent vatn heime eller på stølen kan søkje om tilskot til tiltak som førar til godkjenning frå Mattilsynet. Kostnadsoverslag skal ligge ved. Tilskot kan gis med inntil 25% av godkjent kostnadsoverslag. Høgaste tilskot for kvart prosjekt er 20 000 kr.

IX. Ombygging av driftsbygningar til bruk i tilleggsnæringar

Det er eit krav om at tiltaket er i tråd med kommuneplana eller at det er søkt og gjeve dispensasjon frå denne. Kostnadsoverslag med plan for drifta, som visar økonomien dei tre første driftsåra, skal ligge ved. Tilskot kan gis med inntil 25% av godkjent kostnadsoverslag. Høgaste tilskot for kvart prosjekt er 20 000 kr.

X Foredling av råstoff frå lokalt landbruk

Det kan gis tilskot til prosjekter som går ut på foredling av råstoff frå lokalt landbruk. Slike prosjekt vil ofte vera store og skal administrasjonen skal ta søknaden gjennom Innovasjon Norge. Dette punktet er i første rekke ment på forprosjekt for småskalaproduksjon av mat. Kostnadsoverslag skal ligge ved. Tilskot kan gis med inntil 25% av godkjent kostnadsoverslag. Høgaste tilskot for kvart prosjekt er 20 000 kr.

XI Brannvarslingsanlegg

Kostnadsoverslag skal ligge ved. Tilskot kan gis med inntil 25% av godkjent kostnadsoverslag. Høgaste tilskot for kvart prosjekt er 20 000 kr.

XII Andre viktige tiltak for landbruket

Det kan i spesielle høve kunne gis tilskot til tiltak som vert vurdert til å vera viktig for landbruket i Hemsedal. Fellestiltak kan kome inne under dette punktet. Kostnadsoverslag skal ligge ved. Tilskot kan gis med inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag. Høgaste tilskot for kvart prosjekt er 20 000 kr.